

# PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I BKA SØR-ROGALAND.

**Mostun, Stavanger 28/3- 2022.**

Møtet starta med eit foredrag av generalsekretær i Besteforeldrenes Klimaaksjon, Andrew Kroglund.

Tema var utviklinga i miljøarbeidet framover og verda etter klimakonferansen, COP, i Glasgow 2021..

Etter foredraget kom årsmøtedelen og leiar i BKA Sør- Rogaland, Sivia Kriz, ynskte velkommen.

Saksliste.

## **1: Innkalling og saksliste.**

Desse blei godkjent uten kommentarer.

## **2: Val av dirigent, referent og to personar til å underteikne protokollen.**

Alice Kjellevold blei valt som dirigent.

Steinar H. Eraker som referent.

Kirsten Halonen og Berit Zachrisen skal underteikne protokollen.

## **3: Årsmelding.**

Silvia Kriz la fram ei detaljert årsmelding for året som har gått.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga slik den føreligg og den blei samrøystes teken til etterretning av årsmøtet.

## **4: Reknskap og budsjett.**

Knut Jonas Espedal la fram rekneskap for 2021. Dette var ikkje revidert. Laget har i sine vedtekter at reknskap skal reviderast og difor må årsmøtet velge ein revisor.

Trond Skjæveland på seg jobben. Han melder tilbake til det nye styret.

Møtet godkjente det.

## **Budsjett.**

Budsjettet for 2022 blei lagt fram av Knut Jonas Espedal.

Den største posten som er lagt inn her er til det store arrangementet om sløsing og gjenbruk på Torget i Stavanger 21 mai. Det vil langt på vei kreve alle våre ressursar

Budsjettet blei vedteke slik det blei lagt fram.

## **5: Innkomne forslag.**

Det var ingen innkomne forslag til møtet.

## **6: Vedtektsendring.**

Ingen forslag til endring av vedtektene var sendt inn til møtet.

## **7: Valg.**

Silvia Kriz blei einstemmig gjenvalgt som leiar.  
Trond Skjæveland blei valt som ny styremedlem til 2024  
Anne Sofie Vold blei valt som varamedlem til 2024.  
Følgande styremedlemar var ikkje på valg  
Steinar H. Eraker til 2023  
Knut Jonas Espedal til 2023  
Eilef Gard til 2023.  
Heidi Helgadottir Leite til 2023.

### **Valkomite.**

Det har ikkje lukkast å finne folk til valkomite. Styret blir difor valkomite for neste årsmøte, men får mandat av årsmøtet til å supplere med eksterne personar i perioden.

### **Revisor.**

Styret får mandat av årsmøtet å finne ein revisor i perioden.

### **8: Faglege og strategiske drøftingar.**

Sivia Kriz la fram ei oversikt over våre viktigaste oppgåve i neste årsmøte periode.  
Søkelyset er retta inn på det store arrangementet om sløsing og gjenbruk på Torget i Stavanger 21 mai.

Planane blei lagt fram slik dei står nå.

I innspelsrunda blei det lagt vekt på at dette er eit viktig arrangement. Dette er ein del av miljøarbeidet som folk kan gjere noko med kvar dag og samstundes vere kjekt.

Markedsføringa blir svært viktig og difor må vi bruke alle kanaler vi rår over for å nå ut. Og det må bli presentert som ei kjekk samling både for store og små.

BKA står som hovedarrangør. Vi har med oss Spire, Jæren Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, Klimabrølet, Greenpeace, World Saving Hustle, Fretex, Stavanger Renovasjon og Stavanger Sentrum som medarrangørar. Alle desse vil delta med ulike utstillingar på sjølve dagen 21 mai.

I tillegg til dette vil sjølvsgat laget ta opp andre oppgåver i perioden så langt kapasiteten rekk.

Først kjem ei markering i samband med Equinor si generalforsamling i mai.

Steinar H. Eraker, referent.

Underskrivere:

Kirsten Halonen, sign

Berit Zachrisen:, sign

